



Fylkesmannen i  
Hordaland

## Løyve til drift etter forureiningslova for Johs Lundal & Sønner AS

Fylkesmannen gir nytt utsleppsløyve for Johs Lundal & Sønner AS med heimel i forureiningslova § 11 jf. § 16.

Løyvet erstattar løyve av 13. november 1981.

Løyvet gjeld frå dags dato.



Ved endringar som kan ha noko å seie for miljøet, skal verksemda søkje om dette, sjølv om utsleppa ligg innanfor dei fastsette grensene.

### Verksemdsdata

Verksemd	Johs Lundal & Sønner AS
Gateadresse	Teigland
Postadresse	5590 Etne
Kommune og fylke	Etne i Hordaland
Org. nummer (verksemd)	971 731 311
NACE-kode og bransje	10.130 – Produksjon av kjøt- og fjørfevarer

### Referansane til Klima- og forureiningsdirektoratet

Løyvenummer	Anleggsnummer	Risikoklasse <sup>1</sup>
2010.141.T	1211.0006	4

Løyve gitt: 04.10.2010	Endringsnummer:	Sist endra:
 Kjell Kvingedal e.f. seksjonssjef		 Nina Vadøy Antonsen overingeniør

<sup>1</sup> Jf. forureiningsforskrifta, Kapittel 39. Gebyr til statskassen for arbeidet til Fylkesmannen med løyve og kontroll etter forureiningslova

## **1. Produksjonstilhøve**

Løyvet gjeld for utslepp frå maksimal årsproduksjon av foredla kjøtvarer på inntil 300 tonn per år.

Løyvet gjeld også for vaskemiddelforbruk på inntil 320 liter per år.

### **1.1 Handtering av prosessavløpsvatn**

Prosessavløpsvatn frå produksjonen skal passere ein feittavskiljar. Feittavskiljaren skal vere dimensjonert slik at utsleppet av feitt ikkje overstig 150 mg/l. Verksemda skal syte for at feittavskiljaren blir kontrollert og tømt regelmessig.

Eventuelt søl i samband med produksjonen skal samlast opp før vasking/spyling av lokala. Alle sluk skal vere utstyrt med rister, siler, oppsamlingskorger og liknande. Avfall skal ikkje førast til avløpssystemet.

## **2. Generelle vilkår**

### **2.1 Plikt til å redusere forureining**

All forureining frå verksemda, også utslepp til luft og vatn og dessutan støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om ein held utsleppa innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere utsleppa sine, også støy, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader.

### **2.2 Plikt til førebyggjande vedlikehald**

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå, og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda syte for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha noko å seie for utslepp. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumenterte, jf. internkontrollforskrifta § 5-7<sup>2</sup>.

### **2.3 Tiltak ved auka fare for forureining**

Dersom unormale driftstilhøve eller andre grunnar fører til fare for auka forureining, pliktar verksemda å setje i verk dei tiltaka som trengst for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren, også redusere eller innstille drift, om det er nødvendig.

Verksemda skal så snart som mogleg informere Fylkesmannen om unormale tilhøve som har eller kan få noko å seie for forureining. Akutt forureining skal varslast i samsvar med pkt 9.4.

### **2.4 Internkontroll**

Internkontrollen skal sikre og dokumentere at verksemda følgjer opp krava i dette løyvet og i forureiningslova, produktkontrolllova og relevante forskrifter til desse lovene. Verksemda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

---

<sup>2</sup> Internkontrollforskrifta. Systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemdar

Verksemda pliktar alltid å ha oversikt over alle aktivitetar som kan føre til forureining og kunna gjere greie for risikotilhøva.

### **3. Utslepp til vatn**

#### **3.1 Utsleppsavgrensingar**

Feitt i avløpsvatnet skal ikkje overstige 150 mg/l.

#### **3.2 Utsleppsstad for prosessavløp**

Verksemda skal føre avløpsleidingen for prosessavløp ut i Åkrafjorden minst 30 meter frå land og til 40 meters djup. Avstanden frå land blir rekna som horisontal avstand frå strandkanten ved middelasstand.

#### **3.3 Overflatevatn**

Verksemda skal handtere avrenning av overflatevatn frå uteareal slik at det ikkje fører til skade eller ulempe for miljøet.

#### **3.4 Sanitæravlaupsvatn**

Verksemda skal leie sanitæravlaupsvatn til utslepp gjennom separat avløpsanlegg<sup>3</sup> godkjent av kommunen.

### **4. Utslepp til luft**

Verksemda skal utføre produksjonen på ein måte som ikkje medfører ulemper for naboar og lokalmiljø. Diffuse utslepp må ikkje vere til vesentleg sjenanse utanfor anlegget. Verksemda skal avgrense diffuse utslepp mest mogleg.

I samband med unormale driftssituasjonar eller driftsstans som kan medføre luktulempar utanfor område til verksemda, skal verksemda varsle naboar som blir råka av dette. Planlagt driftsstans ved vedlikehald og liknande skal verksemda utføre på tidspunkt som gir minst mogleg luktspreiing til omgjevnadane.

### **5. Grunnforureining og forureina sediment**

Verksemda skal vere innretta slik at det ikkje skjer utslepp til grunnen som kan føre til nemnande skader eller ulemper for miljøet.

Verksemda pliktar heile tida å ha oversyn over mogleg forureina grunn som finst på området til verksemda og forureina sediment utanfor. Det same gjeld faren for spreining, og om det er trong for undersøkingar og tiltak. Er det grunn til å rekne med at det vil vere nødvendig med undersøkingar eller andre tiltak, skal forureiningsmyndigheita varslast om dette.

---

<sup>3</sup> Jf. forureiningsforskrifta. Kapittel 12 (<50 pe) eller 13 (≥50 pe)

Graving, mudring eller andre tiltak som kan påvirke forureina grunn eller forureina sediment, må ha løyve etter forureiningslova, ev. godkjenning frå kommunen<sup>4</sup>/Fylkesmannen/Klima- og forureiningsdirektoratet.

## 6. Støy

Utandørs støy frå verksemda ved bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustadar, utdanningsinstitusjonar og barnehagar, målte eller rekna ut som frittfeltsverdi ved den mest støyutsette fasaden, skal ikkje overskride desse grensene:

Kvardagar	Laurdagar	Søn- og helgedagar	Kveld (kl. 19-23), kvardagar	Natt (kl. 23-07), alle døgn	Natt (kl. 23-07), alle døgn
55 L <sub>den</sub>	50 L <sub>den</sub>	50 L <sub>den</sub>	50 Levening	45 L <sub>night</sub>	60 L <sub>AFmax</sub>

L<sub>den</sub> er A-vege ekvivalent støynivå for dag/kveld/natt med 10 dB/5 dB tillegg på natt/kveld.

Levening er A-vege ekvivalent støynivå for kveldsperioden 23-07.

L<sub>night</sub> er A-vege ekvivalent støynivå for nattperioden 23-07.

L<sub>AFmax</sub> er A-vege maksimalnivå for dei 5-10 mest støyande hendingane innanfor perioden, målte/rekna ut med tidskonstant "Fast" på 125 ms.

Ein skal halde seg innanfor alle støygrenser alle driftsdøgn. Støygrensene gjeld all støy frå den ordinære drifta til verksemda, medrekna intern transport på området og lossing/lasting av råvarer og produkt. Støy frå bygg- og anleggsverksemd og frå ordinær persontransport av dei tilsette i verksemda er likevel ikkje omfatta av grensene.

## 7. Energi

Verksemda skal ha eit system for kontinuerleg vurdering av tiltak som kan setjast i verk for å oppnå ein mest mogleg energieffektiv produksjon i anlegga.

Energistyringssystemet skal vere i samsvar med norsk standard for energileiing og vere ein del av internkontrollen i verksemda, jf pkt. 2.4.

## 8. Avfall

### 8.1 Generelle krav

Verksemda pliktar, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper, å unngå at verksemda fører til at det blir danna avfall. Særleg skal verksemda avgrense innhaldet av skadelege stoff i avfallet mest mogleg.

Verksemda pliktar å syte for at alt avfall, også farleg avfall, blir handtert i samsvar med gjeldande reglar for dette fastsette i eller med heimel i forureiningslova, under dette avfallsforskrifta<sup>5</sup>.

<sup>4</sup> Jf. forureiningsforskrifta. Kapittel 2. Opprydding i forureina grunn ved bygge- og gravearbeid

<sup>5</sup> Avfallsforskrifta. Gjenvinning og handsaming av avfall

Avfall som oppstår i verksemda, skal ein søkje å få gjenbrukt i produksjonen i verksemda eller i produksjonen til andre verksemder, eller – for avfall som kan brennast – søkje å utnytte det til energiproduksjon internt/eksternt. Slik utnytting må likevel vere i samsvar med gjeldande reglar fastsette i eller med heimel i forureiningslova og krav som er fastsette i dette løyvet.

Brenning av avfall er ikkje tillate.

### **8.2 Næringsavfall**

Verksemda pliktar til ei kvar tid å ta hand om næringsavfall og restar av råstoff på ein slik måte at det ikkje gir sjenerande lukt, verken inne i produksjonslokala/lagera eller utanfor verksemda.

Verksemda skal levere næringsavfallet til godkjent mottak for slikt avfall.

### **8.3 Farleg avfall**

Verksemda skal handtere farleg avfall i samsvar med gjeldande reglar for farleg avfall<sup>6</sup>. Farleg avfall som blir lagra i påvente av levering/henting skal verksemda sikre slik at lageret ikkje fører til avrenning til grunnen, overflatevatn eller avløpsnett. Lageret skal også vere sikra mot avdamping av forureining til luft. Lageret skal dessutan vere sikra mot tilgjenge for uvedkommande.

## **9. Førebyggjande og beredskapstiltak mot akutt forureining**

### **9.1 Miljørisikoanalyse**

Verksemda skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse av verksemda si, og vurdere resultatet i høve til akseptabel miljørisiko. Verksemda skal kartleggje moglege kjelder til akutt forureining av vatn, grunn og luft. Verksemda skal dokumentere miljørisikoanalysen og han skal omfatte alle tilhøve ved verksemda som kan medføre akutt forureining med fare for helse- og/eller miljøskadar inne på eller utanfor området til verksemda. Om produksjonstilhøva blir modifiserte og endra skal ein oppdatere miljørisikoanalysen.

Verksemda skal ha oversikt over dei miljøressursane som ei akutt forureining, med dei helse- og miljøkonsekvensane ho fører med seg, kan få følgjer for.

### **9.2 Førebyggjande tiltak**

På grunnlag av miljørisikoanalysen skal verksemda setje i verk risikoreduserande tiltak. Verksemda skal vurdere tiltak med tanke på å redusere utslepp. Verksemda skal ha eit oppdatert oversyn over dei førebyggjande tiltaka.

---

<sup>6</sup> Avfallsforskrifta. Kapittel 11. Farleg avfall

### **9.3 Etablering av beredskap**

Verksemnda skal, på bakgrunn av miljørisikoanalysen og dei risikoreduserande tiltaka som er sette i verk, etablere og vedlikehalde ein beredskap mot akutt forureining om det trengst. Beredskapen skal heile tida vere tilpassa den miljørisikoen som verksemnda representerer. Minst ein gong i året skal ein øve på beredskapen mot akutt forureining.

### **9.4 Varsling om akutt forureining**

Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast i samsvar til gjeldande forskrift<sup>7</sup>.

## **10. Utsleppskontroll**

Verksemnda skal ta prøver av prosessavløpsvatnet for innhald av feitt. Verksemnda skal gjennomføre prøvetaking 4 gonger i året som døgnblandeprøver samansett av minst 3 prøver med 5 minutt mellomrom. Avløpsmengda og produksjonsdata skal verksemnda registrere ved prøvetaking.

Verksemnda skal ta prøvene under normale driftstilhøve, også i høve der produksjonen er høgare enn vanleg. Prøvetaking og analyse skal utførast etter CEN-standard eller Norsk standard (NS). Dersom det blir brukt andre metodar skal verksemnda dokumentere at metoden gir tilsvarende nøyaktige resultat som NS. Verksemnda er ansvarleg for at metodar og utføring er forsvarleg kvalitetssikra, og at prøvetakingpunkt blir etablert på stader som gjer det mogleg å ta prøver av utsleppa i samsvar med aktuelle standarar.

Verksemnda skal bruke akkrediterte laboratorium for prøvetaking og analyse der det er mogleg.

Fylkesmannen kan krevje vidare prøvetaking av prosessavløpsvatnet for innhald av suspendert stoff og/eller andre relevante parametrar.

## **11. Utskifting av utstyr**

Dersom det skal skiftast ut utstyr i verksemnda som gjer det teknisk mogleg å motverke forureiningar på ein vesentleg betre måte enn då løyvet vart gitt, skal Fylkesmannen på førehand få melding om dette.

Når verksemnda byter ut utstyr skal det liggje til grunn at ein nyttar dei beste, tilgjengelege teknikkane med sikte på å motverke forureining.

---

<sup>7</sup> Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining

## **12. Eigarskifte**

Dersom verksemda blir overdregen til ny eigar, skal verksemda sende melding til Fylkesmannen så snart som mogleg og seinast ein månad etter eigarskiftet.

## **13. Nedlegging**

Dersom eit anlegg blir nedlagt eller ei verksemd stansar for ein lengre periode, skal eigaren eller brukaren heile tida gjere det som trengst for å motverke fare for forureiningar. Dersom anlegget eller verksemda kan medføre forureiningar etter nedlegginga eller driftsstansen, skal ein i rimeleg tid på førehand gi melding til Fylkesmannen.

Ved nedlegging eller stans skal verksemda syte for at det blir teke hand om råvarer, hjelpestoff, halvfabrikat eller ferdig vare, produksjonsutstyr og avfall på forsvarleg måte, og syte for at farleg avfall blir handtert i samsvar med gjeldande forskrift<sup>8</sup>. Dei tiltaka verksemda set i verk i samband med dette skal rapporterast til Fylkesmannen innan 3 månader etter nedlegging eller stans. Rapporten skal også innehalde dokumentasjon av korleis kjemikalierestar og ubrukte kjemikalium blir disponerte og namn på mogleg(e) kjøpar(ar).

Ved nedlegging av ei verksemd skal den ansvarlege syte for at driftsstaden blir sett i tilfredsstillande stand att med tanke på miljøet.

Dersom verksemda ønskjer å starta verksemda på nytt, skal ho gi melding til Fylkesmannen i god tid før planlagt oppstart.

## **14. Tilsyn**

Verksemda pliktar å la representantar for forureiningsmyndigheita, eller dei som har fått fullmakt frå denne myndigheita, føre tilsyn med anlegga når som helst.

---

<sup>8</sup> Avfallsforskrifta. Kapittel 11. Farleg avfall

